



Kvit flogesopp

Kvit flugesopp

Amanita virosa

(Bokmål: Hvit fluesopp)

Heile soppen er kvit (hatten, stilken, skivene og soppkjøtet). På stilken sit det ein ring, men denne kan falle av. Nedste del av stilken sit i ei slire (pose). Soppen er vanleg i skogen.



Grøn flogesopp

Grøn flugesopp

Amanita phalloides

(Bokmål: Grønn fluesopp)

Fargen på hatten kan variere frå grøn til brun og gul. Skivene og stilken er kvite. På stilken er det ein ring, men denne kan falle av. Nedste del av stilken sit i ei slire (pose). Soppen er sjeldan.



Flatklokkehatt

Flatklokkehatt

Galerina marginata

(Bokmål: Flatklokkehatt)

Hatten og skivene er gulbrune. Stilken varierer frå grå til brun. Det er ein liten sopp som vanlegvis veks fleire saman på bark eller stubbar. Soppen er vanleg i skogen.

Forgiftinga

Sjølv ein svært liten mengde av desse tre soppene kan gje alvorleg forgifting. Etter minst 6 timar kjem kraftig, vasstynn diaré, magesmerter og oppkast. Risikoen er stor for livstruande leverskade i løpet av 2-3 dagar. Ved mistanke om inntak kontakt Giftinformasjonen for vidare oppfølging.



Spiss giftslørsopp

Spiss giftslørsopp

Cortinarius rubellus

(Bokmål: Spiss giftslørsopp)

Heile soppen er raudbrun (hatt, skiver, stilk og soppkjøt). Soppen er vanleg i skogen. Den veks i same område som traktkantarell.



Butt giftslørsopp

Butt giftslørsopp

Cortinarius orellanus

(Bokmål: Butt giftslørsopp)

Liknar spiss giftslørsopp, men har butt hatt. Dette er ein sjeldan sopp som veks i lauvskog.



Spiss giftslørsopp og traktkantarell

Farleg forveksling

Spiss giftslørsopp og traktkantarell (*Craterellus tubaeformis*) har ulik utsjånad, men har same voksestad. Det er lett å få med seg små eksemplar av giftslørsoppen om ein ikkje er nøye med å sjå på kvar enkelt sopp ved plukking.

Forgiftinga

Sjølv ein svært liten mengde av spiss eller butt giftslørsopp inneheld nok gift til å gje alvorleg nyreskade. Først etter minst to dagar kjem symptoma på forgifting med kvalme, magesmerter, generell sjukdomsfølelse og auka eller redusert urinmengd. Det er høg risiko for å utvikle alvorleg nyresvikt innan 3-10 dagar. Ved mistanke om inntak kontakt Giftinformasjonen for råd om vidare oppfølging.

Raud/brun- og panterflugesopp

Amanita muscaria var. *muscaria* / var. *regalis* / *pantherina*

(Bokmål: Rød / Brun / Panter fluesopp)

Soppene har kvite skiver og stilk med ring. Foten på stilken er oppsvulma. Hatten er raudfarga eller brunaktig, vanlegvis med kvite prikkar.



Forgiftinga

Desse tre flugesoppene inneheld gift som påverkar nervesystemet. Symptoma kjem oftast innan 0,5 – 3 timar etter at soppen er eten. Små inntak kan gje forvirring, svimmelheit, muskelskjelvingar og mageubehag. Alvorleg forgifting er sjeldan, men større inntak kan gje symptom som krev sjukehusbehandling.

Pluggsopp

Paxillus involutus

(Bokmål: Pluggsopp)

Soppen har brun hatt med innrulla kant, brun stilk og skiver som mørknar ved trykk. Pluggsopp er svært vanleg.



Forgiftinga

Pluggsopp inneheld fleire ulike giftstoff og kan gje varierende symptom. Oppkast, diaré og magesmerter kan kome 0,5 – 3 timar etter inntak av rå sopp. Etter gjentekne inntak av varmebehandla pluggsopp er det sett alvorleg forgifting med skade på blodceller og nyrer.

Raudskrubb

Leccinum versipelle

(Bokmål: Rødskrubb)

Denne røysoppen har raudbrun farge på hatten og svarte skjell på kvit stilk. Soppkjøtet mørknar når ein skjer over med kniv. Soppen er vanleg i heile landet.



Forgiftinga

Raudskrubb er ein matsopp om han varmebehandlast i minst 15 minutt. Raudskrubb som ikkje er varmebehandla godt nok, er truleg den soppen som forårsakar flest tilfelle med mageubehag i Noreg. Kvalme, oppkast, diaré og magesmerter kjem oftast få timar etter at soppen er eten. Symptoma går som regel over innan 1-2 døgn. Ved større inntak kan magesymptoma bli svært kraftige og krevje sjukehusinnlegging.

Giftige soppar i Noreg



I skogen veks både matsoppar, soppar ein ikkje bør ete og giftige soppar. Nokre av dei giftigaste soppene her i landet kan til forveksling likne matsoppar i andre land. Kontakt Giftinformasjonen ved mistanke om forgifting.

Gode råd ved soppstaking:

- Et kun sopp du er 100 % sikker på
- Prøvesmak aldri på ukjend sopp! Sjølvsagt giftig sopp kan ha mild smak.
- Bruk oppdatert sopplitteratur
- Kast all sopp som mark har ete på eller som er røten

Giftinformasjonen

Folkehelseinstituttet

Tlf: 22 59 13 00 (døgnåpen)

www.giftinfo.no

Brosjyren er utarbeidd av Giftinformasjonen (www.giftinfo.no). Ei utvida brosjyre på norsk kan lastast ned frå heimesida. Noregs sopp- og nyttevekstforbund (www.soppognyttevekster.no) arrangerer soppkurs.